



Kommunal- og distriktsdepartementet  
Postboks 8112 Dep  
0032 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Kåre Træen, 5764 3004

## Skjønnsmidlar 2023 – fordeling av resten av ramma for Vestland

Statsforvaltaren i Vestland har att kr 10 075 000 i skjønnsmidlar som ikkje er fordelte til kommunane. Etter søknader frå kommunar som har hatt meirutgifter etter ekstraordinære hendingar i budsjettåret, vurderingar av kommunar som er aktuelle for tildeling av midlar etter retningslinjene til departementet og vår kjennskap om tilhøva i kommunane, har vi gjort følgjande fordeling av midlane:

| Komm.nr.   | komune    | kroner            |
|------------|-----------|-------------------|
| 4613       | Bømlo     | 1 700 000         |
| 4614       | Stord     | 2 500 000         |
| 4626       | Øygarden  | 3 000 000         |
| 4637       | Hyllestad | 150 000           |
| 4641       | Aurland   | 150 000           |
| 4649       | Stad      | 75 000            |
| 4650       | Gloppen   | 1 500 000         |
| 4651       | Stryn     | 1 000 000         |
| <b>SUM</b> |           | <b>10 075 000</b> |

Vi har i fordelinga teke omsyn til

- at føremålet med skjønnsmidlar er å fange opp lokale tilhøve som ikkje er vareteke godt nok i inntektssystemet eller gjennom andre tilskotsordningar
- ei heilskapleg vurdering av kommunanes økonomi etter inntektsnivå og utgiftsbehov
- at skjønnsmidlar bør bli gitt på grunnlag av kommunen sin overordna økonomiske situasjon, og ikkje på grunnlag av tilhøve i einskildståande sektorar
- meirutgifter etter ekstraordinære hendingar og økonomiske utfordringar som har oppstått gjennom året.

Kommunane Hyllestad, Aurland og Stad har sendt søknader om kompensasjon etter ekstraordinære hendingar, og har fått tildelt midlar ut frå det.



## Bømlo

Kommunen hadde negative netto driftsresultat både i 2021 og 2022. Disposisjonsfondet er redusert vesentleg, til under det tilrådde i prosent av driftsinntektene. Kommunen er difor utsett for uføresette hendingar med negative økonomiske konsekvensar, som kan få følgjer for tenester til innbyggjarane. Frie inntekter korrigert for variasjon i utgiftsbehov er lågare enn gjennomsnittet for landet. Skjønnsmidlane på kr 1 700 000 er gitt ut frå svak overordna økonomi, og kommunen bør avsetje midlane til å styrke dei frie driftsreservane.

## Stord

Kommunen har svak overordna økonomi, først og fremst gjennom høg lånegjeld. Disposisjonsfondet har auka dei siste åra, men er framleis under landsgjennomsnittet. Frie inntekter korrigert for variasjon i utgiftsbehovet er òg lågare enn landsgjennomsnittet. Stord får ekstra skjønnsmidlar på 2,5 mill. kroner ut frå svak overordna økonomi, og kommunen bør avsetje midlane til å styrke dei frie driftsreservane.

## Øygarden

Sidan etablering av ny kommune i 2020 har Øygarden samla sett hatt eit svake netto driftsresultat. Dette har ført til at disposisjonsfondet er mindre enn det bør vere. Kommunen har frie inntekter korrigert for utgiftsbehovet som ligg under gjennomsnittet for landet. Med svake driftsreservar til å møte uføresette hendingar, bør kommunen bruke ekstra skjønnsmidlar på 3 mill. kroner til å styrke dei frie driftsreservane.

## Hyllestad

I slutten av 2022 oppstod det ei uønskt hending i kommunen. Hendinga utvikla seg slik at det var stor fare for at det kunne oppstå brann i ein bustad. Hyllestad brannvesen var difor til stades for å støtte politiet i løysinga av deira oppgåver. Aksjonen var omfattande, og varte i heile 12 timer. Dei totale kostnadene for kommunen er rekna til kr 175 000. Hyllestad kommune vert kompensert med kr 150 000 gjennom ekstra skjønnsmidlar.

## Aurland

Den 30. juni vart det observert større bevegelsar i ei blokk på om lag 5000 m<sup>3</sup> i Stampa i Aurland kommune. Området har vore under overvaking i fleire år. Det gjekk eit større ras i området den påfølgjande natta. Raset skada delar av vegbana og kraftlinja i området. Frå 1. juli til 3. juli vart E16 stengt mellom Aurland og Flåm. Kommunen sette opp båttransport mellom Aurland og Flåm slik at personar kunne kome på arbeid og anna aktivitet. Kommunen betalte for båttransporten, og har for dette hatt netto utgifter med kr 254 500 (eks. mva.). Aurland kommune får tildelt kr 150 000 i ekstra skjønnsmidlar til delvis dekning av meirutgiftene.

## Stad

I januar i år var det eit jordras på Taklo i kommunen, utløyst av mykje nedbør. Det var risiko for at det kunne kome fleire ras. Kommunen evakuerte innbyggjarane frå fleire av bustadane i risikoområdet. I denne samanheng har kommunen hatt utgifter på kr 78 000 til opphold på hotell for beboarar frå risikoområdet. I tillegg hadde kommunen utgifter til eigne tilsette som bidrog i evakueringa. Som kompensasjon for meirutgifter etter ei naturhending, får kommunen tildelt kr 75 000 i ekstra skjønnsmidlar.

## Gloppe

Kommunen vart meldt ut av Robek i juni 2022. Målt mot driftsinntektene, og samanlikna med eit gjennomsnitt for landet, er disposisjonsfondet lågt. Lånegjelda er redusert dei siste åra, men ligg



framleis over gjennomsnittet for landet. Frie inntekter korrigert for variasjon i utgiftsbehov er på landsgjennomsnittet. Samla vurdert har kommunen ein sårbar økonomi, og treng midlar til å byggje opp tilstrekkeleg med driftsreservar. Gloppen får ut frå dette 1,5 mill. kroner av ramma for restkjønnsmidlar, som bør nyttast til å styrke disposisjonsfondet.

### Stryn

Målt etter driftsinntektene har kommunen eit disposisjonsfond på norma for det som er tilfredsstillande, men likevel om lag halvparten av gjennomsnittet for landet. Frie inntekter korrigert for variasjon i utgiftsbehov er på 93 prosent, som er mellom dei lågaste kommunane målt mot landssnittet på 100. Stryn får ein million kroner i skjønnsmidlar til å byggje opp sterkare driftsreservar, og kommunen bør etter det avsetje midlane til disposisjonsfondet.

Med helsing

Liv Signe Navarsete

Nils Erling Yndesdal  
kommunaldirektør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

|                   |                 |      |              |
|-------------------|-----------------|------|--------------|
| Bømlo kommune     | Leirdalen 1     | 5430 | BREMNES      |
| Stord kommune     | Postboks 304    | 5402 | STORD        |
| Øygarden kommune  | Ternholmvegen 2 | 5337 | RONG         |
| Gloppen kommune   | Grandavegen 9   | 6823 | SANDANE      |
| Stryn kommune     | Tonningsgata 4  | 6783 | STRYN        |
| Stad kommune      | Rådhusvegen 11  | 6770 | NORDFJORDEID |
| Aurland kommune   | Vangen 1        | 5745 | AURLAND      |
| Hyllestad kommune | Kommunehuset    | 6957 | HYLLESTAD    |